



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Foto: David Zaelig

Har du sett?

Kva er Den kulturelle skulesekken?

Vi vil gje deg frå 6-19 år gode kunst- og kulturopplevingar! Alle elevar i grunnskulen får kvar år fire slike møte, med alt frå film og rock til teater og kulturarv. I den vidaregåande skulen er det tilbod til elevar i vg2 og vg3. Den kulturelle skulesekken er ei nasjonal satsing som skal bidra til at born frå 6 til 19 år får møte profesjonell kunst og kultur av alle slag. I Sogn og Fjordane er det fylkeskommunen ved kulturavdelinga som administrerer og legg til rette ordninga.

Her finn du oversikt over framsyningar skuleåret 2013-2014. Sjå også heimesida www.skulesekken.no for meir informasjon om kva som kjem til din skule, eller spør kulturkontakten på skulen din.

LITTERATUR

VISUELL KUNST

MUSIKK

SCENEKUNST

FILM

KULTURARV



Foto: David Zaelig

Kulturkontakt

Alle skular har ein kulturkontakt som er bindeledd mellom skulen og Den kulturelle skulesekken. Kulturkontakten er også ansvarleg for tilrettelegging av, og informasjon om tilbodet på eigen skule.

Vi håpar Den kulturelle skulesekken vil vere eit godt bidrag til gode og nye kunst- og kulturopplevingar i skuleåret 2013-2014.

Med helsing
Den kulturelle skulesekken
Kulturavdelinga, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kontaktinformasjon:
Sogn og Fjordane fylkeskommune,
Kulturavdelinga, Den kulturelle skulesekken
Postboks 173, 6801 Førde, tlf. 41 53 06 10
postmottak.kultur@sfj.no

RIKS **KONSERT** ANE



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Den kulturelle skulesekken

Besøk frå Den kulturelle skulesekken

2013–2014



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Den kulturelle skulesekken

1.–4. TRINN

5.–7. TRINN

8.–10. TRINN

VG2

VG3

Oldefars ulveskinnspels	litteratur	Ei solo figurteaterframsyning basert på biletboka med same namn. Forfattar Adele Lærum Duus tek oss med inn i det store gamle huset på leiting etter historia om oldefar som var doktor i gamle dagar.	●	Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Naustdal, Solund, Flora, Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid og Stryn.
Superglad	dans	Danseframsyning der vi møter ei jente som har alt, men som likevel berre er passeleg fornøgd. Av Hege Haagenrud.	●	Aurland, Førde, Sogndal, Balestrand, Leikanger, Vik, Lærdal, Årdal, Luster.
Å samle, sortere og setje i system	litteratur	Forfattaren Åshild Kanstad Johnsen les og har workshop med utgangspunkt i boka «Kubbe lagar system».	●	Flora.
Ismusikk	musikk	Terje Isungset og musikarar spelar verdsmusikk på instrument av helit naturleg is. Ei skjeldan konsertoppleving.	● ●	Gloppen, Jølster, Eid (nokre skular), Stryn (nokre skular).
Cirkus Agora	scenekunst	Sjonglør Matle Knapp og sirkusdirektør Jan Ketil Smørdral gjer skulen om til manesje!	● ●	Gloppen, Hornindal, Jølster, Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid og Stryn.
Ekornes i 100	musikk	Virtuos og mangfaldig konsert med Kenneth Ekornes. Ei oppleving av rom, klang, rytmar og natur.	● ●	Naustdal, Askvoll, Fjaler, Flora, Bremanger, Vågsøy, Selje, Eid, Hornindal, Stryn, Gloppen.
Blues for borna	musikk	Har du ein dårleg dag – spel ein blues! Med musikarane Eirik Bergene, Henrik Maarud og Erik Harstad.	● ●	Gulen, Solund, Høyanger, Gaular, Fjaler.
Vi improviserer	musikk	Med nesten 100 års samla erfaring får desse utøvarane musikk ut av det meste. Musikarar: Olav Dale, Arild Thomas Seim og Rolf Prestø.	● ●	Solund, Gulen, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Naustdal, Flora, Gaular.
Drøymefjell	musikk	Folkemusikarane Lajla Renate Buer Storli og John Ole Morken tek oss med på tur til Drøymefjell.	● ●	Aurland, Førde, Sogndal, Balestrand, Leikanger, Vik, Lærdal, Årdal, Luster.
Fart!	musikk	Musikk kan ha svært utik fart, og opplevinga av lyd i forhold til tid kan variere alt etter kvar ein er og ikkje minst kven ein er. Distriktsmusikarane i Førde spelar skikkeleg, skikkeleg fort!	● ●	Aurland, Førde, Sogndal, Balestrand, Leikanger, Vik, Lærdal, Årdal, Luster.
To menn og ei tavle	crossover	To menn og ei tavle er ei vill og morosam framsyning der tvillingbrøra Svein og Egil Nyhus teiknar og fortel for og med publikum.	● ●	Aurland, Førde, Sogndal, Balestrand, Leikanger, Vik, Lærdal, Årdal, Luster.
Fortellingen om et mulig drap	litteratur/ scenekunst	Rollespel om Håkon Sverreson, som vart konge berre 20 år gamal.	●	Jølster, Stryn, Gloppen, Hornindal, Eid, Vågsøy, Selje, Bremanger, Flora.
Her er jeg og skolen min	film	Filmskaparane Linda Hellevik og Gunnbjørg Hage syner og samtalar om denne dokumentarfilmen for born om jenteliv og skulekvardag.	●	Gulen, Høyanger, Solund, Hyllestad, Fjaler.
Hvem er samene?	litteratur	Samisk språk og kultur formidla av forfattaren av boka "Samene", Sigbjørn Skåden.	●	Førde, Balestrand, Leikanger, Vik, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland, Flora, Naustdal, Askvoll, Gaular.
Askeladden på nye eventyr	scenekunst/ dans	Gjennom spektakulære akrobatiske krumspring og smittande energi formidlar hip-hop-gruppa Absence norske folkeeventyr på ein ny og spennande måte.	● ●	Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hyllestad, Høyanger, Naustdal, Solund.
Møtepunkt himmel og jord	kulturarv	Nettside, DVD og ei ressurskasse med religiøse gjenstandar skulane kan bestille til bruk i ulike fag.	● ●	Nokre skular i kommunane: Naustdal, Førde, Gloppen, Askvoll, Høyanger, Vik.
Trio på tur	musikk	Turnelivet er ikkje berre ein dans på roser. Musikalar, viser og klassisk musikk for song, fløyte og piano. Med distriktsmusikarane i Sogn.	●	Bremanger, Selje, Vågsøy, Jølster.
Kork, Kringkastings-orkesteret	musikk	Ei musikalsk festframsyning med fylket i fokus.	●	Gloppen, Jølster, Eid, Stryn, Hornindal.
Fotball: Galskap eller lidenskap?	litteratur	Foredraget til forfattar Ragnhild Lund Ansnes er ei engasjerande og lidenskspeleg reise - i heile spekteret frå fotballgalskap til fotballavsky.	●	Jølster, Stryn, Hornindal, Eid, Gloppen, Selje, Vågsøy, Bremanger.
Kvinnestemmer i Sogn og Fjordane	kulturarv	Utstilling om kvinner frå heile fylket i samband med fylket sitt 250 års jubileum. Musea i Sogn og Fjordane har produsert og formidlar utstillinga. DKS gir støtte til transport.	●	Alle kommunar via sine museum.
#TUSJ!	musikk	Duoen #TUSJ består av Thea Hjelmeland og Ellen Andrea Wang. Her smeltar vokal saman med virtuose tonar frå kontrabass i musikalsk improvisasjon.	●	Solund, Gulen, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Naustdal, Flora, Gaular.
Mensen Ernst -løpekongen frå Sogn	scenekunst	Sogn og Fjordane teater viser stykket bygd på historia om Menschen Ernst, den fantastiske løpekongen frå Sogn.	●	Aurland, Lærdal, Årdal, Luster, Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik, Førde, Flora.
Double Focus	musikk	Rhythm and Poetry frå Afrika med djembe, rainstick, balafo og ngoni. Med musikarane Sidiki Camara, Nasibu Kongoi Mwanukuzi og Mark Axiak.	●	Flora, Naustdal, Gaular, Fjaler, Askvoll, Hyllestad, Solund, Gulen, Høyanger.
Nils-Olav Johansen	musikk	Med iPad og video på jakt etter nye lydunivers. Gitaristen Nils-Olav Johansen frå Farmers Market får fritt spelorum.	●	Bremanger, Selje, Vågsøy, Jølster.
Blås i belgen	musikk	Oddbjørn Ramstad og Leif Aslaksrud gjev elevane ein musikalsk smakebit på både belg- og blåsemusikk.	●	Aurland, Balestrand, Førde, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik, Årdal.
Teikneseriekurs	crossover	Teikneserieskapar Tore Strand Olsen seier ein treng ikkje teikne fint for å lage ei teikneseriehistorie!	●	Flora, Naustdal, Askvoll, Gaular, Fjaler, Hyllestad, Solund, Gulen, Høyanger, Førde, Balestrand, Leikanger, Vik, Sogndal, Luster, Årdal, Lærdal, Aurland.
Rachel Hair Trio	musikk	Keltisk harpe i melodøst og fengande samspel.	●	Aurland, Vik, Lærdal, Årdal, Luster, Balestrand, Leikanger, Sogndal, Førde.
Filmhjelp.no	film	«filmhjelp.no» vil vise korleis vi kan utnytte kvardagsteknologien til å lage film i ulike sjangrar.	▲	
Traverse	scenekunst	Ei vakker, varm, morosam, sår og absurd framsyning smelta saman av dans, musikk og mime.	▲ ▲	
Amerikareisa	scenekunst	Oppsetjinga av musikalen Amerikareisa er eit ledd i 250-års jubileet for Sogn og Fjordane fylke. Stykket handlar om innvandring og utvandring.	▲ ▲	

Meir informasjon om alle framsyningane på:

www.skulesekken.no